

## Diakon Betty Søvik besøkte Ørsta Inner Wheel:



Diakon Betty Søvik var hovedgjesten på Ørsta Inner Wheel Klubb i januar. Ho heldt eit spennande foredrag. På arrangementet hadde Ørsta-klubben invitert Volda Inner Wheel Klubb.

# – Støtt hjelpeorganisasjonar, ikkje korrupte leiarar

Diakon Betty Søvik understreka utdanning av kvinner og jenter i fattige land er det ein må fokusere på framover.



– Vi må ikkje slutte å gi pengar til dei som treng det, men vi må tenkje over kven vi gir til. Frivillige organisasjonar er ofte tryggare enn styresmaktene. Tida er inne for å få fleire kvinnelege presidentar og meir utdanning til jenter og kvinner.

Dette sa diakon Betty Søvik mellom anna då ho nyleg besøkt Ørsta Inner Wheel.

Betty Søvik er nyleg tilsett som diakon i 50 prosent i kyrkjelydane i Ørsta kommune. Ho er ei frisk, engasjert og kunnskapsrik dame med ein spennande bakgrunn. Dette var nok ein av grunnane til at ho vart invitert til å halde eit foredrag på Ørsta Inner Wheel sitt møte på Ørsta vidaregåande skule onsdag.

Anledninga var den Internasjonale Inner Wheel dagen som blir markert over heile verda 10. januar.

Medlemmene i Volda Inner Wheel var også inviterte, og dei hadde møtt "kvinnersterke" opp.

### Arbeidd i FN

Betty er godt utdanna både frå England, Finland og Noreg. Fuga hennar er mellom anna sosiologi og spesialpedagogikk. Ho har hatt fleire stillingar i FN-systemet. Betty arbeidde til dømes med kvinnelege flyktingar i Ghana. Ho har også jobba som lærar på ein Amerikansk skule i Indonesia.

Det var i Ghana ho møtte mannen sin, Per Eldar Søvik frå Ørsta.

– Eg er/var nok ganske forelska som kan flytte hit til dette landet med så mykje regn, sa ho og smilte godt.

Per Eldar har tidlegare vore direktør i Compliance Review and Mediation at African Development Bank. No arbeider han som Chief Compliance Officer at Nordic Investment Bank, og pendlar mellom Finland og Ørsta.

(Betty fortalde at vennene hennar heime vedda på at mannen hennar anten måtte vere ein kvit fange eller albino).

### Utdanning

I foredraget sitt var Betty veldig oppteken av kor viktig det er at jenter og kvinner får utdanning i utviklingsland.

– Utdanning for jenter og kvinner er nesten enda viktigare i Afrika enn i andre verdsdelar. Grunnen er at kvinnene passar både på borna og mennene. Ingen mann kjem inn på eit kjøkken og ordnar opp om maten svir seg i gryta. Dessutan er det vanleg at mennene slår konene sine, og klagar kvinnene si naud til mor si får dei høyre at ho også vert slått, fortalde ho.

Dersom kvinnene får utdanning kan dei mellom anna lære å gi borna næringsrik mat, og få informasjon om rettane sine.

### Fattige kår

Betty vaks sjølv opp i fattige kår, med seks sysken i Namibia, og veit difor kva ho snakkar om.

– Det var vanleg at alle åt av same maten, og det var ikkje så mykje fokus på vask og hygiene. Dette førte til at smittsamt sjukdomar spreidde seg, fortalde ho.

Då ho var elleve og eit halvt år flykta ho frå apartheidstyre. Ho budde ei tid hos ein prestefamilie.

– Det er nok fordi mor mi var ein aktiv kristen og denne prestefamilien som gjer at eg no har ein jobb i kyrkja, sa ho.

Fleire gonger under foredraget under-

strekar Betty at Gud har vore med henne gjennom livet.

– Eg hadde ikkje kome meg hit eg er i dag utan Hans hjelp, sa Betty.

Skulegangen som FN støtta henne til å ta, var også avgjerande. Det er berre ho av alle syskena hennar som har fått utdanning.

### Korrupsjon

I tillegg til utdanning er diakonen svært oppteken av at ein bør støtte organisasjonar og ikkje korrupte statsleiarar.

– Etter at det hadde vore tørke i 5 år og folk mangla mat og drikke, kjøpte presidenten i eit Afrikansk land seg eit privatfly for pengane han fekk til naudhjelp, fortalde Betty.

Ho meinte at tida var inne for fleire kvinnelege presidentar, og fekk etter denne utsegn applaus frå forsamlinga.

I veka før ho skulle besøkje Inner Wheel hadde ho sett seg inn i arbeidet deira.

– Eg har lese mykje om dykk, og funne ut at de støttar mange gode saker. Det er nok av folk som berre brukar tid og pengar på seg sjølve, det gjer ikkje de og det står det respekt av, så ei engasjert Betty.

### Første møte med Ørsta

Til slutt fortalde ho litt om livet til seg og familien i Ørsta. Om dei fantastiske svigerforeldra som ho kalla for mamma og pappa, og om kollegaene på prestekontoret som ho meiner er som englar.

– Eg likar meg veldig godt i jobben, sjølv om eg strevar litt med skriving av til dømes annonsar, sa ho og smilte godt.

Første gongen Betty kom til Ørsta var det orkan og strømmen mangla i fleire dagar. Men ho vart hjarteleg tekne i mot av svigerforeldra og vart servert kaker og kaffi heile tida.

Sjølv om den sjarmerande dama likar

seg godt i Ørsta, lengtar ho også innimellom til den god varmen på det afrikanske kontinentet.

– Den kaldaste temperaturen i heimlandet mitt er 28 plussgrader, fortalde ho medan temperaturen utanfor møtelokalet i Ørsta var godt under null grader.

### Støtta dagheim i Bangkok

Ørsta Inner Wheel Klubb har no 30 medlemmer. Dotterklubben i Volda har 25 medlemmer. I tillegg til desse er der nokre såkalla observatørar. Dei er med på nokre møte i ei periode før dei bestemmer seg for om dei vil vere med eller ikkje.

– Før måtte alle som vart med i Inner Wheel ha ei form for tilknytning til Rotary. Det er nyleg bestemt at dette ikkje er nødvendig lenger, fortel president Else-Mari Bangsvik (Volda Inner Wheel).

I tillegg til foredraget til Betty Søvik var det utlodning og mat på møtet. Pengane skulle i år gå til Det Norske Misjons-selskap sitt arbeid mellom fattige barn i Bangkok, til dagheimen "Lovsanghjemmet".

Det var presidenten for Ørsta klubben, Sigrun Myklebust, som leia arrangementet.

Ingvild Runde